Valnemnda treng ikkje bruka tid på dette no, men berre gjera framlegg om at saka blir utsett til neste år sidan det er fyrst frå 1. jan. 2013 dei skal fungera.

Endringer i domstollova som kom ved førre val:

I brevet frå Domstoladministrasjonen og Nordhordland Tingrett står dei viktigaste endringane;

- Krav til mest mogleg allsidig samansetning i utvala
- Valperioden vert forskyvd i høve til kommunevalet
Valtidspunktet vert flytta til 15. oktober året etter kommunevalet
- Valperiodens start vert flytta frå 1. mai etter kommunevalet til 1. januar same år som stortingsvalet.
- Dette fordi valperioden ikkje lenger skal vera knytta til valet av politiske utval etter kommunevalet, jf. Domstollova § 66.

Overgangsreglar:**Andre endringar i lova:**

- Meir detaljerte personlege krav til valbarheit
- Fleire grupper er utelukka frå val pga av stilling
- Strengare krav til vandel
- Særskilte utval av fagkyndige meddommarar fell bort

Valperioden for dei som blir vald no vert noko lengre enn for fire år sidan utvala skal vera i funksjon frå 1. mai 2008 til 1. januar 2013.

Domstollova § 65 har bestemmelsar om kor mange meddommarar som skal veljast. Tingretten er pålagt innan utgangen av august 2007 å gje kommunane innan rettskretsen melding om behovet for tal dommarar.

For Masfjorden kommune skal det veljast to kvinner og to menn.

HØYRING

KONKLUSJON

Saka vert utsett.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Valnemnda	01.11.2011	035/11	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	10.11.2011	131/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.3

Arkivsaknr.: 11/704

SAK 131/11 - NORDHORDLAND TINGRETT - MEDDOMMARAR - 2013 TIL 2017

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Val av meddommarar til Nordhordland Tingrett vert utsett til hausten 2012.

Grunngjeving:

Ny domstollov som seier at valet skal føregå innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet. Noverande meddommarar er i funksjon til 1. januar 2013.

Heimel

Domstollova § 65 m/endingar av 15.07.07 nr 38

Utskrift til:

Dei valde

Nordhordland Tingrett, Postboks 7418, 5020 Bergen

VALN-035/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Val av meddommarar til Nordhordland Tingrett vert utsett til hausten 2012.

Grunngjeving:

Ny domstollov som seier at valet skal haldast innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet. Noverande meddommarar er i funksjon til 1. januar 2013.

Det skjedde i Valnemnda den 01.11.2011:

Valnemnda innstiller på utsetjing av saka.

KS-131/11 VEDTAK:

Val av meddommarar til Nordhordland Tingrett vert utsett til hausten 2012.

Grunngjeving:

Ny domstollov som seier at valet skal haldast innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet. Noverande meddommarar er i funksjon til 1. januar 2013.

Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:

Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda si innstilling om utsetjing av saka.

SAKSTILFANG:

Meddommarar til Nordhordland Tingrett frå 1. mai 2008 – 1. jan. 2013:

1	Helga Hodne	9	Arne Berg
2	Vigdis Søvik	10	Eivind Molland
3	Kjellaug Merkesdal	11	Harald Matre
4	Jannicke Johnsen	12	Arne Toralf Mjanger
5	Leila Torsvik Andvik	13	Arne Hindenes
6	Åse Areklett	14	Willy Borge
7	Sølvi Alice Øksnes	15	Ingvar Sleire
8	Britt Nordland	16	Magnar Nordli

SAKSUTGREIING:

Seier frå seg attval:

- Kjellaug Merkesdal

BAKGRUNN

I lov av 15.07.07 nr 38 vart det vedteke nye reglar om lekdommarar ved domstolane.

Dei viktigaste lovendingane er:

- Kommunane skal sørgja for at utvala av lekdommarar frå ein allsidig samansetning. Slik at dei best mogleg representerer alle delar av befolkninga
- Det vert innført ei øvre aldersgrense på 70 år. Den nedre aldersgrensa vert sett opp til 21 år (framleis 25 år for forliksrådsmedlemer), jfr. domstollova § 70.
- Det vert stilt strengare krav til vandel for å kunna gjera teneste som lekdommar
- Ordning med val av særskilt utval av fagkyndige meddommarar fell bort

- **Valtidspunktet vert flytta til 15. okt. året etter kommunevalet. Valperioden start vert flytta til 1. mai året etter kommunevalet og til 1. januar same år som stortingsvalet. Dette fordi valperioden ikkje lenger skal vera knytta til valet av politiske utval etter kommunestyrevalet, jfr. domstollova § 66.**

Overgangsreglar:

Valperioden vert noko lengre for dei som vart valt i noverande periode, sidan utvala skal vera i funksjon frå 1. mai 2008 og til 1. januar 2013.

KONKLUSJON

Val av meddommarar til Nordhordland Tingrett vert utsett til hausten 2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	10.11.2011	132/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-650

Arkivsaknr.: 11/516

SAK 132/11 - MATRE H KRAFTVERK - VURDERING AV KONSESJONSPLIKT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune opphevar vedtak av 29.09.2011 om konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H, basert på LVK landsmøte uttale av 12.10.2011.
2. Kommunen vil arbeide aktivt for oppheving av maksimumsverdien for eiedomsskatt på kraftanlegg.

Finansiering

Heimel

FS-056/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

Det skjedde i Formannskapet den 22.09.2011:

Saksutgreiing vart delt ut. Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

Nytt framlegg frå rådmannen er:

- Konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

Nytt framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS-073/11 VEDTAK:

- Konesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planar om ny vasskraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.09.2011:

Frode Langhelle sa seg ugild i saka sidan han jobbar i BKK.
Dette vart samrøystes vedteke.

Terje Sætre sa seg og ugild sidan han og jobbar i BKK.
Dette vart samrøystes vedteke.

Kjell Løvik tiltrådde møtet som vara for Frode Langhelle.

Ordførar Håkon Matre orienterte no om saka.

Saka vart drøfta.

Kjell Løvik, H, gjorde framlegg om å utsetja saka og sa at formannskapet kan få fullmakt til å gjera vedtak saka.

Svein Helge Hofslundsengen sa at me har fått utsett høyringsfrist til 1. oktober.

Det vart drøfting kring utsettingsframlegget.

Liv Oda Dale sa at Ap vil handsama saka i dag og vil gå for framlegget frå formannskapet.

Røysting:

Det vart røysta over utsettingsforslaget frå Høgre.
Utsettingsframlegget fekk 3 røyster (H) og fall.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-132/11 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune opphevar vedtak av 29.09.2011 om konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H, basert på LVK landsmøte uttale av 12.10.2011.**
- 2. Kommunen vil arbeide aktivt for oppheving av maksimumsverdien for eiedomsskatt på kraftanlegg**

Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:

Frode Langhelle, H, sa seg ugild i denne saka pga av at han arbeider i BKK.

Terje Sætre, Sp, sa seg ugild av same grunn.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Langhelle og Sætre var ugilde i saka.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, oppfordrar alle politiske parti å arbeida vidare med den høyringsuttalen som ligg ved å vurderer det som kraftkommunane slit med.

Ho sa at det er ein god høyringsuttale.

Kjell Løvik, H, sa at det er ei god innstilling frå rådmannen som ligg føre. Han oppfordrar ordførar om å ta med flest mogleg av kommunestyrerepresentantane på LVK sine fylkessamlingar.

Fleire sa seg samde i dette og at eit temamøte om konsesjonskraft og makstakst ville vera nyttig.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.08.2011	NVE	Vurdering av konsesjonsplikt for Matre H - høring av plandokument
2	I	30.08.2011	Modalen kommune	Vurdering av konsesjonsplikt for Matre H høring av plandokument
4	U	04.10.2011	NVE	Melding om politisk vedtak - Matre H kraftverk - vurdering av konsesjonsplikt
6	U	23.11.2011	NVE	Melding om politisk vedtak Matre H kraftverk - vurdering av konsesjonsplikt

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

NVE har i skriv av 12.8.2011 bede om uttale kring – vurdering av konsesjonsplikt for Matre H – høring av plandokument.

Viser til formannskapsmøte febr. 2010

Ein ønskjer ei avklaring som LVK medlemskommune kring

Tilslutning til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart

vs. omsynet til utbyggjar sine interesser og lengre dialog kring aktuelle tiltak som m.a. sikrar massar til veg Matresøyna og andre fordeler/interesser for lokalsamfunnet.

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet 22.9 med tanke på utforming av uttale som tilrådd og vedteken av Kommunestyret 29.9.

HØYRING

NVE har i skriv av 12.8.2011 – NVE 201003920-6 kv/swj bede om uttale kring vurdering av konsesjonsplikt for Matre H – høring av plandokument innan 21.september. har bede om uttalefrist ut september – vil ha saka opp til politisk handsaming, og møter 22 og 29.sept.

NVE anser det som viktig at Masfjorden kommune får uttalt seg i denne saken.

Ny frist for uttalelse i forbindelse med konsesjonsplikt for Matre H settes til 1. oktober 2011.

Hensikta med høyringsrunde frå NVE side er å få innspel på spesielle lokale ting/forhold som har betydning ved konsesjonen.

Konsesjon/revisjon av konsesjon er normalt eit tidkrevjande forhold

UTTALE

Lokale forhold

Magasin

Masseuttak og bruk av desse

Konsesjonsfritak normalt berre til småanlegg

FAKTA

SAK 057/11 – HØYRINGSUTTALE OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

2. Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.
3. Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.

KS-057/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommunestyre gjev ordføraren og rådmannen fullmakt til å utforma og senda høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk innan fristen 15. juli.
2. Kommunestyret støtter synspunkta i LVK sitt brev til Finansdepartementet datert 31.01.2011 og LVK-styret sin uttale datert 17. juni 2011. Masfjorden kommune sin uttale skal vera tufta på desse synspunkta.

Det skjedde i Kommunestyret den 28.06.2011:

Saka vart drøfta.

Kjell Løvik, H, sa at dette er ei viktig sak for kommunen. Grunnlaget for vår økonomiske situasjon er lagt i eigedomsskatten.

Det er viktig at de som representerer partia set dykk inn i det som har med kraft å gjera og brukar partikanalane for å fremja saka.

Det er viktig å setja dette på dagsorden å synleggjera at me har moglegheit til å bu i ein kommune som Masfjorden.

Det er ikkje rett at eigarane av kraftselskapa skal ta ut større utbytte pga av redusert skatt.

Med fjerning av makspris vil vasskraftkommunane få større del av kraftselskapa sine inntekter gjennom auka eigedomsskatt.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dei sluttar seg til det som Løvik sa. Sp meiner at verdiane skal tilbakeførast der dei er skapte.

Søvik ba om at kommunestyret må få framlagt høyringsuttalen som vert sendt ut.

Marit Steinestø, KrF, ba om at partia får tilsendt uttalen så snart den er klar slik at partia kan bruka den i arbeidet sitt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Uttale sendt:**Høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk.**

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 15.04.2011.

Bakgrunn. Masfjorden kommune er den nordlegaste kommunen i Hordaland, - ein kommune med ca 1670 innbyggjarar og eit areal på 558 m². Med store avstandar og ein svært spreidd busetnad, er kommunen ein av dei mest kostnadskrevjande kommunane i Hordaland å driva.

Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) har ein stor del av sin kraftproduksjon i Masfjorden kommune, og det er BKK sine produksjonsanlegg som utgjer det aller meste av den eigedomsskatten kommunen årleg får inn. For 2010 ville kommunen fått nær 6 mill. kroner meir i eigedomsskatt om det ikkje hadde vore maksimumsgrense i eigedomsskattegrunnlaget.

Ei samanlikning. Sjølv om Masfjorden kommune er den kommunen der BKK produserer mest vasskraft, er kommunen sin eigarandel i BKK berre 0,1%. Statkraft Holding sit med 49,9% i selskapet. Til samanlikning har Bergen kommune 37,75% av aksjane, utan at BKK nokon gong har produsert så mykje som ein kilowattime i den kommunen. Dette betyr at Bergen kommune har årleg utbytte på vel 300 mill. når Masfjorden kommune får 0,8 mill.

Vi skal ikkje her gå nærare inn på dette sakskomplekset her, men berre konstatera at for dei store eigarkommunane er utbytte det vesentlege, og utbyttet er av ein heilt annan storleiksorden enn eigedomsskatten som stort sett tilfell små distriktskommunar. I tilfellet BKK sit vertskommunane (i det vesentlege Masfjorden) med marginale eigarinteresser.

Stilt på spissen kan ein seia at spørsmålet om maksimumstaket i eigedomsskatten for kraftverk går på om Masfjorden kommune skal få del i verdiauken for kraftverka i kommunen, eller om det er eigarkommunar som Bergen eller staten som skal få (også) denne.

Som departementet gjerne er kjent med, har Bergen kommune og Statkraft, mot røystene til landkommunane, dvs. dei andre eigarkommunane i BKK, vedtatt å ta ut ekstraordinært utbytte frå BKK på 500 mill./år for åra 2009-2011. For Bergen kommune vert desse midlane m.a. nytta til å redusera eigedomsskatten i kommunen. Med andre ord vert ressursar som for ein stor del er henta ut frå Masfjorden kommune nytta til å setja ned eigedomsskatten i Bergen kommune. Dette er etter vårt syn eit hån både mot Masfjorden kommune og ressursane som storsamfunnet hentar ut her, og det viser kor skeivt kraftregimet kan fungera. For oss er det uforståeleg at departementet i si innstilling går inn for å oppretthalda og forsterka desse skeivheitene.

Generelle synspunkt. Vi har følgd utviklinga av skatteregimet for kraftverk dei siste 30 åra, og har eit klårt inntrykk av at endringane i perioden har gått i eigarane sin favør medan vertskommunane har vore taparar. Også i det generelle statlege overføringssystemet til kommunane ser vi same tendensen, og i den siste endringa (f.o.m. 2011) kjem Masfjorden kommune dårlegast ut av alle kommunane i Hordaland.

På denne bakgrunn finn vi det nærast uforståeleg at departementet argumenterer mot å la naturlege verdiutviklingsvurderingar påverka eigedomsskatten for kraftverk slik det er for alle andre eigedomsskatteobjekt.

Det kan ikkje vera tvil om at tida er gått ut for minimums- og maksimumsverdiane i samband med eigedomsskatten for kraftverk. Minimumsverdien hadde sin misjon i å hindra at kommunane tapte altfor mykje frå eit år til eit anna i samband med omlegging av skattesystemet. Om maksimumsverdien vart det i St.prp.nr.1 (2003-2004) sagt: *"Dette vil føre til at kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet."* Denne balansen, som er basert på ein slags symmetri i skatteopplegget, er no (akkumulert sett) klårt i disfavour av kommunar som har eigedomsskatt som den mest vesentlege inntekta frå kraftverk i kommunen.

I den skatteomlegginga som vart gjennomført for 10 år sidan, var minimumsgrensene meint som ein "buffer" mot stort inntektsbortfall for enkelte kommunar i overgangsperioden. Dette er uttrykt slik i Ot.prp. nr 47 (1999-2000): *"Etter departementets syn bør minimumsverdien settes så lavt at den kun har betydning for enkeltkommuner i perioder med meget lave kraftpriser"*.

Då maksimumsgrensa vart innført frå 2004, var dette for *". . at kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet."*

Oppsummering/konklusjon. Vi er no i ein situasjon der både minimums- og maksimumsverdiane er reine historiske reminisensar. Uansett korleis ein ser det, er spørsmålet om høgare verdiar av kraftverka skal gje auka eigedomsskatt til vertskommunane (distriktkommunar) eller meir utbytte til eigarkommunane (i stor grad bykommunar og staten). I Masfjorden kommune synest dette krystallklårt: Verdiauken som gjeld kraftverk i kommunen bør krediterast vertskommunen i form av auka eigedomsskatt når kommunen har innført eigedomsskatt på verk og bruk.

Vi har elles merka oss dei synspunkta LVK har gitt på denne saka, m.a. i skrivet datert 31.01.2011 og uttalen etter styremøtet 17.06.2011. Masfjorden kommune stør desse fullt ut.

Vi merkar oss m.a.:

- Merknadane om skatterabatt, og vurderingane om i kva grad dette er ulovleg statsstøtte etter EØS-avtalen artikkel 61.
- Spørsmålsstillinga om i kva grad det er rett at ***utbytta til eigarkommunane*** skal auka med aukande kraftprisar (i stor grad synonymt med aukande overskot for kraftselskapa) medan ***eigedomsskattetapet for vertskommunane*** også aukar med aukande kraftprisar.
- Påpeikinga av at maksimumsverdien gir kommunane ein eigedomsskatt som vert redusert i realverdi, uavhengig av lønsemda for kraftproducenten. Dette er stikk i strid med Stortinget si målsetjing om at det skal vera reelle marknadsverdiar som dannar grunnlag for skattlegginga.

I høyringsfråsegna vert det gjort ein poeng av at ei oppheving av maksimumsgrensene vil slå skeivt ut mellom kommunane. LVK har gitt klår melding om at dersom dette skulle vera eit hinder for at ordninga vert oppheva, ønskjer dei ein dialog med departementet om saka.

Masfjorden kommune er kjent med at det er vilje til å sjå på alternative ordningar hos dei kommunane som vil koma best ut med fjerning av maksimumsverdien, t.d. i form av regionale næringsfond eller liknande. Vi vil sterkt tilrå at departementet tar ein dialog med LVK om denne saka.

Resolusjon fra LVKs landsmøte i Sarpsborg 19. august 2011

Særordningen med maksimumsverdi for eiendomsskatt på store kraftanlegg må avvikles

Mer enn 350 deltakere fra 173 medlemskommuner på LVKs landsmøte i Sarpsborg viser til at det foreligger omfattende planer og søknader for flere terrawattimer vannkraftutbygging i våre kommuner. Disse utbyggingsplanene forutsetter bruk av våre naturverdier, og vil føre til merkbare naturinngrep.

Gjeldende regelverk gir ikke vertskommunene noen rimelig og rettferdig andel av den verdiskaping som finner sted, slik det har vært bred enighet om på Stortinget at de berørte lokalsamfunn skal ha. Tidligere konsesjonsrettigheter virker ikke for dagens vannkraftutbygging, naturressursskatten utjevnes i inntektssystemet og eiendomsskatten har et lovregulert maksimaltak. Ni av ti kraftanlegg betaler i dag eiendomsskatt etter unntaksregelen om maksimaltak og får dermed en stor skatterabatt, som øker ved økt lønnsomhet. Lovens hovedregel om at eiendomsskatten skal gjenspeile anleggets reelle markedsverdi er tilsidesatt.

Bare en avvikling av særordningen med maksimaltak kan gjenopprette balansen mellom kraftforetak, staten og vertskommunene for så vidt gjelder fordelingen av verdiskapingen. landsmøtet henstiller medlemskommunene å stille i bero videre behandling av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil Regjeringen har avklart sitt syn på ordningen med maksimumsverdi på kraftanlegg.

VURDERING

Ein ønskjer ei avklaring som LVK medlemskommune kring

Tilslutning til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart

vs. omsynet til utbyggjar sine interesser og lengre dialog kring aktuelle tiltak som m.a. sikrar massar til veg Matresøyna og andre fordeler/interesser for lokalsamfunnet.

KONKLUSJON

1. konsesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
2. Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjonen fra LVKs landsmøte som inneber innstilling/stopp i behandlingen av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil maksimumsverdien for eiendomsskatt på kraftanlegg er avklart

Nye opplysninger i saka (til den politiske handsaminga 10.11.2011)

Saksutgreiing:

06/11 medl.nytt - Eiendomsskatt på kraftanlegg - maksimumsverdi. LVKs resolusjon på landsmøte 19. august 2011 - og statsbudsjettet 2012

Nedenfor følger LVK landsstyrets vedtak på landsstyremøte 12. oktober 2011:

Landsstyret viser til resolusjon på LVKs landsmøte 19. august i Sarpsborg hvor landsmøtet henstilte medlemskommunene å stille i bero videre behandling av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil regjeringen har avklart sitt syn på ordningen med maksimumsverdi på eiendomsskatt.

I Prop. 1 LS (2011–2012) Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak) Skatter og avgifter 2012 – foreslår regjeringen i kapittel 19.5 å heve maksimumsverdien på eiendomsskatt på kraftanlegg:

“Regjeringen foreslår at maksimumsgrensen økes med 5 pst. i eiendomsskatteåret 2012 og ytterligere med 11 pst. i eiendomsskatteåret 2013 samt at kapitaliseringsrenten settes til 4,5 pst. i inntektsåret 2011 (eiendomsskatteåret 2013). Minimumsgrensen holdes nominelt uendret. Forslaget vil gi en inntektsøkning for kommunene på om lag 100 mill. kroner i 2012 og et provenytap for staten på om lag 75 mill. kroner. I 2013 får kommunene en ytterligere inntektsøkning på om lag 220 mill. kroner, og staten får et ytterligere provenytap på om lag 165 mill. kroner. Provenytapet for staten bokføres hovedsakelig året etter at de økte inntektene til kommunene bokføres. Eiendomsskatten er en kommunal skatt som ligger utenfor skatteløftet, og statens provenytap er følgelig også holdt utenfor. For en nærmere omtale av skatteløftet vises det til avsnitt 1.2. Løsningen innebærer også at vertskommunene får en større del av en eventuell inntektsøkning i kraftsektoren sammenlignet med dagens system.

Økningen i kapitaliseringsrenten medfører et provenytap for staten på 15 mill. kroner knyttet til lavere formuesskatt, påløpt 2011 og bokført 2012.

Regjeringen vil ta stilling til spørsmålet om justering av maksimums- og minimumsreglene og fastsettelsen av kapitaliseringsrenten for årene etter 2013 i forbindelse med de ordinære budsjettprosessene”.

På bakgrunn av regjeringens avklaring av maksimumsverdien i statsbudsjettet mener landsstyret at henstillingen om ikke å ta i behandling planer om ny vannkraftutbygging ikke lenger må leses absolutt. Landsstyret vil i stedet henstille til de kommuner som eventuelt tar saker til behandling å påpeke kommunens prinsipielle syn om at maksimumsverdien bør fjernes, og tillegge vekt i kommunens interesseavveining av fordeler og ulemper av det omsøkte utbyggingstiltaket at eiendomsskatteinntektene vil bli begrenset i uoverskuelig fremtid.

Vurdering:

Konsesjonsplikt for BKK for ut-/ombygging av Matre H vart vurdert opp i mot maksimumsverdien/makstak eignedomsskatt (som medfører at vertskommunar for kraftverk taper, og eigar kommunar tener på ved auka utbytte) og ikkje i høve sjølve konsesjonssøknaden og førespurnad NVE.

Når LVK den 26.10.2011, basert på landsmøtevedtak 12.10.2011 fristiller og opphevar ”plikt” til stopp av all behandling av alle planer om ny vasskraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart, noko LVK meiner at årets statsbudsjett inneber, har ein ikkje grunnlag for å stå for vedtak av 29.09., og ein tilrår at vedtaket vert gjort om. BKK produksjon v/prosjektlear fekk muntleg melding om dette same dag som vi fekk melding frå LVK og klargjort at dette forholdet/saka ville bli lagt fram for politisk handsaming 10.11., med tilråding om omgjering av

KS-073/11 VEDTAK:

- Konesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H
- Masfjorden kommune har slutta seg til resolusjon frå LVKs landsmøte som inneber innstilling / stopp i behandlinga av alle planar om ny vasskraftutbygging inntil maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg er avklart.

Av 29.09.2011, og at ein ikkje stiller krav om konesjonsplikt.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Masfjorden kommune opphevar vedtak av 29.09.2011 om konesjonsplikt for BKK for utbygginga Matre H, basert på LVK landsmøte uttale av 12.10.2011.
2. Kommunen vil arbeide aktivt for oppheving av maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg

.....

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	10.11.2011	133/11	Anne Kristin Rafoss
Formannskapet	10.11.2011	093/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-650

Arkivsaknr.: 11/559

SAK 133/11 - BUKKEDALEN KRAFTVERK - KONSESJONSPLIKTVURDERING

Rådmannen sitt nye framlegg til vedtak:

Vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

RÅDMANNEN SITT NYE FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Masfjorden kommune rår til at det vert konsesjonsfritak for bygging av minikraftverk i Bukkedalen.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Vassressurslov og plan- og bygningslova

FS-078/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2012 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjever Anne Kristin Rafoss orienterte om gebyrregulativet der Masfjorden ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen. For ein del av gebyra har Masfjorden kommune dei siste åra nærmar seg gjennomsnittet for kommunane i regionen.

Kap D 1 Oppmåling er det området der det er mest skeivt i høve sjølvkostrekneskapen med nesten ein mill. i underskot.

Sjølvkostrekneskap er pålagt på oppmåling og byggesak, men ikkje på plan.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

FS-085/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vert utsett.

Grunngjeving:

Ein har ikkje fått avklart med LVK forholdet småkraft utbygging vs. Resolusjon i frå LVK landsmøte om stopp av all ny kraftutbygging.

Det skjedde i Formannskapet den 25.10.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om å utsetja saka.

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS-093/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune rår til at det vert konsesjonsfritak for bygging av minikraftverk i Bukkedalen.

Det skjedde i Formannskapet den 10.11.2011:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

RÅDMANNEN SITT NYE FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Masfjorden kommune rår til at det vert konsesjonsfritak for bygging av minikraftverk i Bukkedalen.

KS-133/11 VEDTAK:

Masfjorden kommune rår til at det vert konsesjonsfritak for bygging av minikraftverk i Bukkedalen.

Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:

Frode Langhelle sa seg ugild i denne saka sidan han jobbar i BKK.
Terje Sætre sa seg og ugild i denne saka av same grunn.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Langhelle og Sætre er ugilde.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	02.09.2011	Region Vest NVE	Bukkedalen kraftverk i Masfjorden - konsesjonspliktavurdering
5	I	16.09.2011	BKK Produksjon AS	BKK sine planar for Brydalsfossen og Bukkedalen - informasjonsmøte med Masfjorden kommune
2	I	14.10.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Fråsegn til bygging av Bukkedalen kraftverk i Masfjorden kommune
6	U	28.11.2011	Region Vest NVE	Melding om politisk vedtak - Bukkedalen kraftverk - konsesjonspliktavurdering

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

NVE har motteke melding frå BKK Produksjon AS om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Bukkedalen kraftverk i Masfjorden kommune. Meldinga skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket medfører skade og ulemper av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt. NVE ber difor Masfjorden kommune informere om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa.

Det var synfaring i samband med denne saka den 03.10.2011. Fylkesmannen har i etterkant av denne synfaringa gjeve uttale til meldinga. Dei konkluderer slik:

På grunnlag av opplysningane i meldinga, og inntrykket vårt etter synfaringa, meiner vi tiltaket kan får konsesjonsfritak.

Kunnskapen om biologisk mangfald i område kan seiast å vere mangelfull. Det er ikkje gjort spesielle undersøkingar retta mot biologisk mangfald i område.

Etter naturmangfaldlova § 8, skal kunnskapsgrunnlaget stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Synfaringa saman med NVE avdekke ikkje førekomstar av artar eller naturtypar som krev særlege omsyn, og sjansen for at ein finn slike i området blir vurdert som liten. Slik sett vurderer vi § 8 i naturmangfaldlova som oppfylt.


FAKTA

Masfjorden kommunestyre vedtok den 13.05.2007 som sak 0029/04 endring av reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt. Reguleringsendringa innebar at det vart sett av arealformål til mikrokraftverk i plankartet og føresegnene vart tilført følgjande paragrafar:

- I det viste areal ved Stordalsvatnet kan det oppførast bygning for mikrokraftverk.

- Røyrgate for kraftverket skal nedgravast i trase for traktorveg 2. Inntaksarrangement blir plassert i høgde med utløpsosen i Bukkedalsvatnet
- Kraftverket skal byggehandsamast etter plan- og bygningslova.

Reguleringsplanen for Fagerbotnen hyttefelt vart endra den 22.02.2007 som sak 003/07. Denne gongen innebar endringa auke i tal hytter i feltet. Skissa til høgre viser eit utsnitt frå reguleringsplanen som vart vedteke i 2007 men kartfesta inntak øvst i høgre bildekant og plassering av kraftverk ved utløpet av Bukkedalselva til Stordalsvatnet.



Definisjonen for små kraftverk er:

Mikrokraftverk	effekt mindre enn 100 kW
Minikraftverk	effekt mellom 100 – 1000 kW
Småkraftverk	effekt mellom 1 – 10 MW (1000 kW – 10 000 kW)

Resolusjon fra LVKs landsmøte i Sarpsborg 19. august 2011

Særordningen med maksimumsverdi for eiendomsskatt på store kraftanlegg må avvikles

Mer enn 350 deltakere fra 173 medlemskommuner på LVKs landsmøte i Sarpsborg viser til at det foreligger omfattende planer og søknader for flere terrawattimer vannkraftutbygging i våre kommuner. Disse utbyggingsplanene forutsetter bruk av våre naturverdier, og vil føre til merkbare naturinngrep.

Gjeldende regelverk gir ikke vertskommunene noen rimelig og rettferdig andel av den verdiskaping som finner sted, slik det har vært bred enighet om på Stortinget at de berørte lokalsamfunn skal ha. Tidligere konsesjonsrettigheter virker ikke for dagens vannkraftutbygging, naturressursskatten utjevnes i inntektssystemet og eiendomsskatten har et lovregulert maksimaltak. Ni av ti kraftanlegg betaler i dag eiendomsskatt etter unntaksregelen om maksimaltak og får dermed en stor skatterabatt, som øker ved økt lønnsomhet. Lovens hovedregel om at eiendomsskatten skal gjenspeile anleggets reelle markedsverdi er tilsidesatt.

Bare en avvikling av særordningen med maksimaltak kan gjenopprette balansen mellom kraftforetak, staten og vertskommunene for så vidt gjelder fordelingen av verdiskapingen. landsmøtet henstiller medlemskommunene å stille i bero videre behandling av alle planer om ny vannkraftutbygging inntil Regjeringen har avklart sitt syn på ordningen med maksimumsverdi på kraftanlegg.

VURDERING

Skissa til høgre er henta frå verdikartet utarbeidd i samband med rullering av kommuneplanen. Kommuneplanen er sendt på høyring med frist for merknad 21. nov. Når det gjeld reguleringsplanen for Fagerbotn hyttefelt er rådmannen si innstilling av planen framleis skal gjelde.

Bukkedalselva går gjennom Fagebotn hyttefelt med utløp til Stordalsvatnet.

Det er eit lokalt kulturminne (minnemerke etter Bjørn Westkampane under 2.verdskrig). avmerka i verdikartet, men det ligg i god avstand til tiltaka planlagt i meldinga frå BKK.


Nedst i høgre hjørne ser ein litt av eit inngrepsfritt område henta frå INON.

I meldinga frå BKK går det fram at dei ber om vurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova for bygging av eit minikraftverk med effekt på 990 kW i same elva som det i reguleringsplanen er det sett av areal til eit mikrokraftverk. BKK ønskjer å flytte inntaket nedstrøms elva og ikkje etablere neddykka inntak slik som det ligg i planen. Eit nytt inntak føreset ikkje oppdemming i elva, men mindre tekniske inngrep lokalt i elveløpet.

Det vert arbeidd med endring av reguleringsplanen for Fagerbotn hyttefelt. Det er to hovudgrunnar til at dette arbeidet har starta opp. Hyttestyret ønskjer innlagt vatn og ordna forhold for avløp inkludert reinseanlegg før utslipp til Stordalsvatnet. Den andre grunnen er snøraset som gjekk i vinter og øydela ei av hyttene. Det vert arbeidd med ein geologisk rapport som sannsynlegvis konkluderer med at det må etablerast ein vindskjerm / rasvoll før hytta kan byggast opp att. Reint reguleringsteknisk er det uproblematisk å endre formålet og føresegnene frå mikro – til minikraftvert i denne reguleringsendringa.

Reguleringsendringa hastar av fleire grunnar der den viktigaste – etter kommunen si meining – er Stordalen tomteselskap sine planar for utbygging av Stordalen fjellstove. Dei planlegg ny vassforsyning frå Bukkedalsvatnet med rørgate parallell med kraftgata (nedgravd i traktorveg 2). Denne vassforsyninga skal og nyttast i samband med sprinklinga av nybygget. Dagens vassforsyning har ikkje stort nok trykk til at den kan nyttast i sprinklaranlegg + at kvaliteten av drikkevatt varierer med årstida.

Utbygginga til BKK kan utsette den kommunale vegen for større belastningar enn det han toler. Det er og eit ønskje frå Stordalen tomteselskap om utbetring av vegen for lettare å kome fram til fjellstova. Tomteselskapet har og sett i gang reguleringsplanarbeid for Rørdalen hyttefelt (innafor fjellstova), noko som vil auke trafikken på den kommunale vegen.



Rådmannen ser for seg at BKK kanskje kan bidra med opprusting (planlegging av opprustinga) av vegen viss ein går via ein reguleringsplanprosess. Ved utbygging av kraftverk på konsesjon frå NVE, er det mykje vanskelegare for kommunen å kome i dialog med utbygger og å kunne samarbeide om naudsynte tiltak relatert til - men ikkje ein del av - sjølve kraftverksutbygginga.

KONKLUSJON

I verdikartet utarbeidd i samband med kommuneplanen er det ikkje identifisert potensielle konflikhtar med planlagt tiltak.

Resolusjonen frå LVK ber medlemskommunane om å la vere å handsama alle planar om ny vasskraftutbygging.

BKK (eller grunneigar) kan lovleg – med heimel i gjeldande reguleringsplan – bygge mikrokraftverk i Bukkedalselva.

Ei utbygging av kraftverket etter reguleringsplan, kan ha positive følgjekonsekvensar for Masfjorden kommune.

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Vurdering:

LVK har no trekt tilbake si tilråding til kommunane om ikkje å gje uttale i kraftverksaker.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Masfjorden kommune rår til at det vert konsesjonsfritak for bygging av minikraftverk i Bukkedalen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	10.11.2011	134/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 11/39
--------------	--------------------

SAK 134/11 - SKRIV OG MELDINGAR TIL KOMMUNESTYRET 10.11.2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ingen skriv og meldingar utsendt på førehand.

KS-134/11 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Saka om fleirbrukshall vert sett på saklista til kommunestyret i dag.

Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:

Interpellasjon frå KrF v/Marit Steinestø:

Masfjorden KrF ynskjer å ha ei velkomsthelsing til personar som flyttar til kommunen. Det vert utarbeidd ein eigen "velkomen til oss" faldar retta mot personar som flyttar til Masfjorden. Faldaren skal innehalda informasjon om kva offentlege tenester Masfjorden kommune tilbyr og korleis ein kjem i kontakt med dei som yter dei kommuneale tenestene. På same måte vert frivillige lag og organisasjonar i kommunen inviterte til å informera i faldaren om sine tilbod og korleis ein kjem i kontakt med desse.

Kommuneadministrasjonen har ansvar for ajourføring og utskriving.

Marit Steinestø, KrF, sa at ho på vegne av styringsgruppa ber om at saka om fleirbrukshall blir sett på saklista til kommunestyret i dag.

Spørsmål:

Det vart spurt om kva skjer i høve vedlikehaldstenesta no når Karstein Totland er blitt ordførar.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at det vil bli lyst ut etter ny person snart.

Vigdis Søvik, Sp, sette fram innspel til det vidare budsjettarbeidet når det gjeld veg:

Asfaltering av veg i Arekletten vert omprioritert frå asfaltering til vedlikehald, då det er viktig at utbetring av vegen vert gjort før det vert lagt fast dekke.

Tove Kristin S. Tistel, V, sette fram innspel i høve skulemuseet på Sleire som er frå 1894.

Det er ikkje har pengar til vedlikehald. Taket lek og det hastar med å få ordna dette.

Tistel sa og at det var eit flott initiativ frå KrF om ei velkomsthelsing til nyinnflytte Masfjordingar. Ho sette fram forslag om at dei i staden for blomst kunne få eit turkart i velkomstpakken.

Willy Borge, Frp, kommenterte framlegget frå Steinestø om å få saka om fleirbrukshall på saklista i dag. Borge sa at det har ikkje vore tradisjon for å få ei sak over bordet og kan ikkje forstå målet med det.

Marit Steinestø, FrP, sa at det kjem opp ei sak om tippemidlar til fleirbrukshall.

Formannskapet har vore styringsgruppe for prosjektet og er ikkje blitt orientert om denne saka. Steinestø ba no om at det vart røysta over om saka kunne setjast på sakskartet til kommunestyret.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes at saka om fleirbrukshall vart sett på sakskartet til kommunestyret i dag.

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	10.11.2011	135/11	Alf Strand

Arkiv: N-010.1, N-536	Arkivsaknr.: 10/59
-----------------------	--------------------

SAK 135/11 - FORPROSJEKT FLEIRBRUKSHALL PÅ HOSTELAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vart fremma i møtet.

Finansiering

Heimel

KS-135/11 VEDTAK :

Søknad om førehandsgodkjenning vert utsett.

Grunngjeving:

Kommunestyret ynskjer å få saka til politisk handsaming.

Det skjedde i Kommunestyret den 10.11.2011:

Ordførar Karstein Totland orienterte frå formannskapet om at saka om fleirbrukshall vart drøfta der tidlegare i dag etter spørsmål frå KrF. Formannskapet gjorde vedtak om å tilrå kommunestyret å setja saka på saklista til kommunestyret. Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl som er prosjektleiar kom i formannskapet og orienterte om status i saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at det står i saka at det skal søkjast om førehandsgodkjenning før 15.11.2011. Den kommunale delen skulle eigentleg vore innarbeidd i økonomiplanen. Framdrifta er i tråd med fleirtalsvedtaket som vart gjort for 1 år sidan.

Saka vart grundig drøfta.

Tove Kristin Sleire Tistel, V, ba om at kommunestyret får den utgreinga som ligg føre slik at kommunestyret kan bli kjent med saka.

Det var stor semje i kommunestyret om at dei ikkje ville gå inn på eit hastevedtak. Dette vart grunngeve i at det ikkje ligg føre finansiering. Kommunestyret ynskjer ei politisk handsaming av saka før søknad om førehandsgodkjenning blir sendt.

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om å utsetja søknad om førehandsgodkjenning.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	08.06.2010	Gulen kommune	Forespurnad samarbeid om fleirbrukshall og tenester i tilknytning til denne
4	I	23.06.2010	Gulen kommune v/ordfører Trude Brosvik	Førespurnad om fleirbrukshall og tenester i tilknytning til denne
5	I	23.07.2010	Sivilarkitekt Helge Christiansen AS	Oppdragsbekreftelse
7	I	23.11.2010	Sivilarkitekt Helge Christiansen AS	Masfjorden fleirbrukshall - rapport /utgreiing
8	U	28.12.2010	Sivilarkitekt Helge Christiansen	Melding om politisk vedtak - Forprosjekt fleirbrukshall på Hosteland
1	U	30.06.2011	Norconsult	Val av plassering av fleirbrukshall
9	U	10.11.2011	Kulturdepartementet	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - fleirbrukshall i Masfjorden

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 10.11.2011 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Willy Borge
kommunestyremedlem

Tove Kristin S. Tistel
kommunestyremedlem